

Galleri Kunstparken

v/ Ingunn Lien Gundersen, styreleiar

Org nummer: 995 226 537

E-post:

risor.kunstpark@gmail.com / ingunnlien@hotmail.com

Risør kommune

v/ Kamilla Solheim

E-post: kamilla.solheim@risor.kommune.no

Søknad om driftsmidler øyremerkta lønn til dagleg leiar 2025/2026

Galleri Kunstparken (GKP) søker med dette om eit toårig tilskot frå Risør kommune på kr 200.000 pr år, for perioden 2025-26, øyremerkta lønn til dagleg leiar. *Dette er i tillegg til det ordinære driftstilskotet.*

I 2023 sette Galleristyret i gang eit langsiktig arbeid for ein profesjonalisering og berekraftig drift av Galleri Kunstparken, eit arbeid som i 2024 bla resulterte i eit eingangstilskot frå Agder fylkeskommune på kr 400.000 til dagleg leiar i 50 % stilling, samt 300.000 kr i Arenamidler frå Kulturdirektoratet til oppussing av galleriet.

På bakgrunn av resultata oppnådd i 2024 har Agder fylkeskommune gitt ytterlegare tilskot på kr 200.000 pr år for perioden 2025–2026. Dette er likevel ikkje nok til å vidareføre stillinga til dagleg leiar for desse to åra, og vi søker difor om dette ekstra tilskotet på kr 200.000 frå Risør kommune pr år i 2025 og 2026.

Dagleg leiar Odd Fredrik Heiberg vart tilsett i februar i 2024 i ei 50 % stilling, og har saman med Galleristyret sett i gang eit langsiktig arbeid basert på fem hovudpunkt:

1. Betre formidlingstilbodet til born og ungdom

«Kunst og kultur er viktig for oss fordi det påvirker oppveksten vår, samtidig som vi påvirker den.» - sitat ungdom, Stortingsmelding 18.

Born og unge er eit kulturpolitisk satsingsområde, og i 2021 kom regjeringa med si aller fyrste stortingsmelding om barne- og ungdomskultur: **Oppleve, skape, dele –**

Kunst og kultur for, med og av born og unge. Blant anna omhandlar eit av punkta i stortingsmeldinga auka tilgjengelegheit, der born og unge, uavhengige av foreldra sin økonomiske situasjon, skal få tilgang til kunst- og kulturopplevingar på teater, museum, kunstutstillingar m.m. I lys av dette ser GKP ser på seg sjølve som ein svært viktig institusjon og arena for kunst- og kulturopplevingar for born og unge i Risør kommune. Og GKP har etablert god kontakt med alle barne- og ungdomsskulane i Risør, og vil arbeide vidare med eit formidlingstilbod knytta til denne målgruppa.

Dette krev søknader om offentlege og private midlar til f.eks. formidlingsutvikling og transport til og frå skulane. GKPs arbeid med dette har allereie resultert i fleire runder

med kunstformidling til elevar frå Hope og Sønedeled skular i 2024. Den vidaregåande skulen brukte fleire av våre utstillingar på eige initiativ og besøkte oss med eigenutvikla opplegg, med oppgåver og workshops for elevane. Galleriet bidrog då med tilrettelegging og formidling på dagtid i skuletida.

Det er planlagt formidling til born og unge i tre av utstillingane for 2025.

2. Utvikle eit kunstprogram betre tilpassa Risør-regionen og den nasjonale kunstscena

GKP har to visningsrom: Hovudgalleriet på 160 m² med stor takhøgde, og Prosjektrummet, eit mindre og lågare lokale. Desse to lokala gir moglegheit for ei inkluderande og variert utstillingspraksis, der ulike prosjekt kan stillast ut samtidig og treffe både nytt og allereie kjent publikum. Vi jobbar for å utvikle kunstprogram med utstillingar av høg kvalitet, som er både samfunnsrelevant og kunstfagleg spanande og interessant, og som inkluderer både lokale, regionale og nasjonale kunstnarar. I tillegg jobbar vi for å koble GKP opp mot lokale festivalar gjennom punktutstillingar. Utstillingane blir, så langt mogleg, følgd av publikumsarrangement som foredrag, kunstnarsamtalar o.l.

3. Marknadsføring

GKP har gode rutinar for lokal marknadsføring gjennom lokalpresse, Visit Risør, SoMe (Facebook og Instagram), plakatar og eigne nettsider. Eit fokusert arbeid for å skaffe midlar til annonsering for å nå ut nasjonalt, særleg i samband med turistsesongen, bør igangsetjast.

4. Utvikle faglege samarbeid med andre kunstinstitusjonar i regionen

Dagleg leiar Odd Fredrik Heiberg har sett i gang fem langsiktige samarbeid med regionale kunstinstitusjonar, der nokre av desse allereie har gitt resultat.

- GKP er i dialog med Kunsthall Grenland med mål om å utvikle eit langsiktig samarbeid om glasskunst. Eit konkret arbeids- og utstillingsprosjekt er venta i løpet av 2026-27.
- GKP er i dialog med Kunstsilo i Kristiansand om eit konkret samarbeid om eit publikumsprosjekt i samband med Erika Støckels utstilling "Stenkvinnen" i mai 2025.
- GKP har oppretta eit samarbeid med studiet Kunst og kommunikasjon på UiA for å lage formidlingsvideoar av utstillingar på GKP. Dette resulterte i ein 5-minuttars presentasjonsfilm som vart ein viktig del av sommarutstillinga "Transformasjonar" i 2024. Prosjektet blir vidareført i 2025.
- GKP oppretta eit samarbeid med Kragerø Kunstskele i 2024, der GKP stilte ut tre avgangsstudentar i Prosjektrummet. Erfaringane er så gode at vi ønskjer å vidareutvikle dette til ein årleg tradisjon.

- GKP har også eit samarbeid med Foreningen Finstemt, ein frivillig foreining som drifter en konsertserie, og som har flytta konsertprogrammet sitt til Kunstparken. Allereie er tre konsertar planlagt for 2024 og 2025.

5. Arbeide for å sikre økonomisk stabilitet

Hovudutfordringa for GKP er vår svake og usikre økonomi. GKP har ei målsetting om å få statlege tilskot. Ei føresetnad for å kome dit er at den lokale og regionale støtta er stabil. GKP arbeider aktivt mot lokale, regionale og nasjonale myndigheiter, og søker det som kan søkes på av tilskot frå aktuelle kulturinstansar og støtteordningar. Og gjennom den nye, regionale nettplattformen Go-To-HUB vil vi også utforske moglegheitene for auka inntekter i samarbeid med lokalt næringsliv.

Alle GKP sine prosjekt og samarbeid er langsiktige og krev aktiv oppfølging.

På veg mot ein berekraftig institusjon?

Med eingongstilskotet på kr 400.000 innvilga for 2024, kunne vi starte på vegen mot å sikre ei berekraftig drift av både Galleriet og Kunstparken, med Odd Fredrik Heiberg som prosjektleiar/dagleg leiar i ei 50 % stilling sidan februar 2024. Kontrakten hans varer ut februar 2024. Og med halveringa av tilskotet frå fylket for 2025 og 2026 er vi avhengige av ein restfinansiering på kr 200.000 for å kunne videreføre stillingen til dagleg leiar/prosjektleiar, og for å kunne halde fram med det langsiktige arbeidet vi har byrja på. Det ligg eit stort potensial i å utvikle drifta av Galleri Kunstparken, både med tanke på auka innsats i kunstformidling til born og unge, samt andre publikumsretta aktivitetar. Lokalisert heilt aust i Agder, ser vi på oss sjølve som ein både viktig og samfunnsrelevant arena for kunstformidling, ein identitetsmarkør for byen, og vi håpar å kunne halde fram med den målretta satsinga vi har starta på, her i Kunst- og Kulturbyen Risør.

Vedlagt ligg det planlagde utstillingsprogrammet for 2025, som vi er både stolte av, og som vi gler oss til å kunne vise til eit breitt publikum. Årsmelding og årsrekneskap for 2023 ligg også som vedlegg.

Vi håpar på positivt svar.

Ingunn Lien Gundersen,
Styreleiar i Galleri Kunstparken Risør, 02.01.25